



DEN NORSKE KYRKJA
Hyllestad sokn

ÅRSRAPPORT 2017

HYLLESTAD SOKN



Hyllestad kommune har eitt sokn med eitt sokneråd som har ansvar for både soknerådssaker og fellesrådssaker, ansvar etter både §9 og §14 i kyrkjelova.

§ 9; Kyrkjeleg verksemd, gudstenester, vigsler og gravferder.

§ 14; Økonomi, administrasjon, personale, tre kyrkjer og eitt kapell, tre kyrkjegardar.

Årsrapporten er eit samarbeidsprosjekt av sokneprest, trusopplærar, soknerådsleiar, kyrkjevevje og sekretær. Alle har gitt viktige bidrag om sine områder til den gode kyrkjelege aktiviteten i Hyllestad sokn.

Hyllestad sokneråd har 6 faste medlemmer og 5 varamedlemmer.

Jostein Ryland (leiar), Liv Kristine Solheim (nestleiar) – permisjon 1.10.2017 – 31.12.2017, Marion Brendehaug, Brit Inger Skaar, Unni Systaddal og Steinar Urnes (nestleiar 1.10.2017 – 31.12.2017), Odd Takle (fast medlem 1.10.2017 – 31.12.2017).

Varamedlem: 1. Odd Takle (til 1.10.2017, 2. Reidun Skår (1. vara frå 1.10.2017), Dei andre varamedlemmene rykkjer opp tilsvarande. 3. Joakim Systaddal, 4. Rune Risnes, 5. Olaug Brendsdal 1. vara er alltid innkalla til møte og har møtt fast.

Geistleg representant: Audun Systad. Personleg vara: prost Reidar Knapstad.

Kommunal representant: Rune Risnes. Personleg vara: Eva Mette Olsen Høie

Når soknerådet handsamer saker som i «kommuner med flere sokn tillegger kirkelig fellesråd» skal det møte ein representant frå kommunen. Jfr KL § 6, 2. ledd.

Tilsette

Inga endring. Kyrkjeadministrasjon: 0.75 årsverk. Kyrkjesaker 25%, Irene Fløde –innleigd frå Fjaler sokn som dagleg leiar med hovudansvar. Kyrkjeseekretær 50%, Aslak Åm Sognnes, som i tillegg til å vere sekretær også har ansvar for gravplassar inkl. festeavklaring. Han avlastar kyrkjesaker og har praktisk tilsyn med kyrkjer og kyrkjegardar.

Kyrkjer: 0,75 årsverk: Kyrkjetenar 40%, Gunvor Instefjord og organist 35%, Erling Akse.

Sokneprest Audun Systad har òg i 2017 hatt 60% av stillinga si i Hyllestad sokn. Det nye frå og med 3.juli 2017 er at tenesta for dei resterande, inntil 40%, er flytta frå Nordhordland til Sunnfjord prosti. No er det i samarbeid med prosten og kyrkjelydane i Askvoll og Fjaler, lagt til rette med gudstenester og kyrkjelege handlingar i dei to prestegjelda. Soknepresten kjenner på at 60% i Hyllestad er i minste laget, og det set krav til koordinering når timeplanen skal leggjast. Bjørgvin bispedømeråd er soknepresten sin arbeidsgjevar. Soknepresten er representert i kommunen sitt kriseteam.

Trusopplæring, interkommunalt samarbeid: 1,0 årsverk: kyrkjelydspedagog 100%, Toril Lange. Hyllestad sokneråd har arbeidsgjevaransvaret. Toril Lange arbeider 25% hos Hyllestad sokneråd, 50% hos Høyanger kyrkjelege fellesråd og 25% hos Det Norske Misjonsselskap – NMS. Hyllestad si finansiering er statstilskot til trusopplæring og restfinansiering med innsamla midlar.

Kyrkjekontoret

Kyrkjeadministrasjonen og soknepresten har gode kontor i tredje etasje på kommunehuset, med utsikt til Hyllestad kyrkje. Som dei fleste andre kontora i kommunehuset, er også desse altfor lite lydtette. Det er difor vanskeleg for soknepresten å ha fortrulege samtalar på kontoret sitt. Kommunen har i fleire år førespegla mogeleg isolering i samband med isolering av kommunale kontor, men det er framleis på vent, truleg grunna stram økonomi.

Soknerådsmøte - saker

Soknerådet hadde seks møter og handsama 49 saker.

Årlege saker er budsjett, økonomiplan og rekneskapssaker, samt årsrapport. Det er òg gudstenestepplan og offertildeling.

Nemner nokre saker som ikkje er nemnd andre stader i årsrapporten.

- Vedlikehald av gravplassane var ute på anbod. Åm Sognnes Bygdeservice, som har hatt vedlikehaldet, hadde det klart lågaste tilbodet, så ny kontrakt vart skriven.
- I 2018 blir Bø kyrkje 150 år. Soknerådet søkte, og fekk lagt bispevisitasen samstundes med kyrkjefeiringa som blir i slutten av november 2018. Jubileumsnemnd vart oppnemnd.
- Soknerådet fekk tilbod om, og takka ja til, å motta eit kyrkjeskip/modellskip som i 2018 skal hengast opp i Øn kyrkje i samband med ei markering av at kyrkja blir 60 år.
- Sokneprest Audun Systad fekk økonomisk tilskot frå diakonifondet til å delta på ein konferanse med diakonalt sikte i Trondheim i slutten av oktober.

- Orgelet i Hyllestad kyrkje skal på sikt erstattast av eit nytt digitalt orgel. Soknerådet vil starte prosessen med å få på plass det nye digitale orgelet.
- Vipps. Soknerådet har teke i bruk tenesta Vipps slik at personar kan vipse pengar til offer og gåver.
- Nytt diakonalt tiltak er blomar før jul til pårørende busett i kommunen, etter dødsfall. Andre saker det vert arbeidd med er å få fleire kyrkjevertar ved gudstenestene,

Hyllestad sokneråd valde å ikkje svare på høyringa som galt «Ordning for utpeiking av biskopar» og heller ikkje høyringa: «Forslag til ny lov om tros-og livssynssamfunn».

Kyrkjelydsfest - soknemøte

Soknerådet inviterte til kyrkjelydsfest onsdagskvelden den 22. mars. Kvelden starta med ei liturgisk opning av prost Reidar Knapstad før det var servering av betasuppe med rundstykke som soknerådet hadde laga. Songinnslag ved Karine Strandos og Veslemøy Ryland. Soknerådsleiar Jostein Ryland leia festen og presenterte utdrag frå årsrapporten, song og hadde kveldsavslutning. Sokneprest Audun og kyrkjelydspedagog Toril orienterte om sitt arbeid i 2016. Tid til samtale og kaffi og kake var det òg. Det var ei fin stund i kyrkja, men dessverre var vi berre 29 stk. samla.

LIVSRITER

	2014	2015	2016	2017
Dåp - totalt	11	14	9	12
Dåp - busette i Hyllestad	10	8	7	7
Konfirmant	20	18	18	17
Vigsel	1	3	3	1
Gravferd	19	16	10	17

Tala syner ei stor grad av stabilitet. Etter at det i 2016 var svært få gravferder, er ein tilbake på snittet dei siste åra.

Det er no slutt på at kyrka får melding om fødsjar slik at vi kan sende ut orientering om dåp. Dei fleste vel likevel enno å ta kontakt med kyrkja og ønskjer å døype borna sine.

Ved dåpssamtalen får foreldra eit innramma dåpsbilde (med eit bilde og eit vers) og ein CD med kristne songar. Ved dåpen i kyrkja får dei i tillegg eit dåpslys.

BARNE – OG UNGDOMSARBEID – HYLLESTAD SOKN 2017 (TL)



Det er mykje spennande som skjer i det viktige arbeidet med å legge til rette for at born og unge skal få leva og veksa i den kristne trua. Born vert invitert til ulike trusopplæringstiltak som for ungdomane er konfirmantopplegg og Ungdomsklubben «Solution.»

Mange av tiltaka er no godt kjent og det er ikkje uvanleg at alle inviterte kjem. Likevel saknar ein å kunne gje borna eit meir fast tilbod slik ungdomen har det i «Solution».

Soknet har godkjent trusopplæringsplan frå 16.01. 2013, som ein delvis gjennomfører. Etter at ein har gjort ein del erfaringar, barnetalet er minkande og andre føresetnader er endra, ser soknerådet sitt trusopplæringsutval (TRU-utval) trong for å justere ev revidere planen. Målet er å ha den klar til bispevisitasen i nov/des 2018.

Dei fleste av trusopplæringstiltaka som er gjennomført er knytt opp mot gudsteneste.

Følgjande trusopplæringstiltak frå planen er gjennomført i 2017

Myldresamling er eit av tiltaka i planen som først vart gjennomført i 2017. TRU-utvalet valde å slå saman myldresamling 2 og myldresamling 3, følgjeleg fekk 20 2- og 3-åringar invitasjon. 9 kom og med søsken og foreldre var det ca. 30. Med eit rom som var «rydda» etter basar og til Basecamp, vart det god plass til springing og leiking. Det vart verkeleg ei myldresamling. Eit av måla for samlinga er å lære bordbøn. Difor fekk alle 2-og 3-åringane kvar si «etebrikke» med «Å, du som settar liten fugl» og som dei brukte då ein avslutta samlinga med å ete graut. Ansvarleg for Myldresamlinga var TRU-utvalet.

4 årssamling og hausttakkefest med utdeling av «Mi kyrkjebok 4». Alle var med på hausttakkefesten, 6 av 7 deltok på 4-årssamlinga.

5-årssamling. Hausten 2017 var det berre 2 i aktuell målgruppe. Difor vart dei invitert til 6-årssamling/førsteklasses og til familiegudstenesta der dei skulle få «Kyrkerottefilmen.» Det var 100 % frammøte på første samling. Av ulike grunnar kom ingen på gudstenesta.

«**Førsteklasses**» - er samling ein ettermiddag og familiegudsteneste med utdeling av «Mi kyrkjebok 6». «Førsteklasses» deltok på gudstenesta med drama, song og var med på samlingsbøna. Det er også ein tradisjon at det er bønnevandring på denne gudstenesta. 6 born møtte, og det var 100% frammøte på begge samlingane.

Barnegudsteneste er ei kvardagsgudsteneste i januar spesielt tilpassa dei yngste borna. Alle som var inviterte til 4- og 5-årssamling eller «Førsteklasses» hausten 2016, fekk invitasjon i posten til gudsteneste denne onsdagsettermiddagen. Gudstenesta varte omlag 30 min. Songar og tekstar var henta frå Mi kyrkjebok 4 og 6. Vi avslutta slik vi brukar; å ete kvelds i lag. Berre 2 av 15 inviterte kom, i tillegg var det søsken og nokre foreldre, besteforeldre. Det er eit tiltak som ein ikkje kjem til å gjennomføre i 2018.

Tårnagenthelg med samling i Øn kyrkje på laurdag og tårnagentgudsteneste i Hyllestad kyrkje søndag. Dette var andre gong ein hadde tårnagenthelg for 2 årskull, 3. og 4. klasse, og dette fungerer veldig bra. Dei eldste kan dette og er gode «oppdragarar». I 2017 var det 10 tårnagentar, 50 % av dei inviterte.

Besøk i kyrkjetårnet er ein viktig del av tårnagenthelga. Difor var samlinga laurdagen i Øn kyrkje. Tårnagentgudstenesta søndag var i Hyllestad kyrkja sidan det der er enklare med kyrkjekaffi og det tekniske. Mange foreldre bidrog på ulike måtar og var med å gjere helga til ei god oppleving. Takk.

Bibelutdeling var på gudsteneste såmannsøndagen.

8 biblar var delt ut. Dette markerte også starten på minkonfirmantopplegget.

Minikonfirmantopplegget for 10/11-åringar (5. klasse) er 4 samlingar i Hyllestad kyrkje rett etter skuletid onsdagar, weekend og gudsteneste med diplomutdeling i slutten av april. På weekenden i mars var ein saman med minikonfirmantar frå Høyanger, og Solund. 8 av 8 var med minikonfirmantopplegget. Det var ein flott minikonfirmantgjeng.

LysVaken vert no gjennomført annakvart år. Sist var i 2016. Neste gong vert i november 2018. Tilbodet er til 6.- og 7.- klassingar.

På nesten alle samlingar et vi i lag. På samlingane midt i veka et vi knekkebrød, ost og syltetøy og drikk juice. Etter gudstenestene er det kyrkjekaffi. Bordfellesskap er med å skape kontakt, tilhøyrighet og auke trivselsfaktoren både for born, foreldre og leiarar.

Trusopplæringsutval

Trusopplæringsutval (TRU - utval) har følgjande medlemmar: Unni Systaddal, Liv Kirsten Mjell Hofsvik, Anfrid Misje Åsmul, Kari Systad og kyrkjelydspedagog.

Utvalet har hatt 2 møte der ein evaluerte tiltaka som er gjennomførde, hatt ansvar for nytt tiltak - myldresamling, og bestemt kva nye tiltak ein skal prøve å starte opp vinteren/våren 2018.

Utvalet har også sett på trusopplæringsplanen og starta så vidt arbeidet med justering/revidering.

Hyllestad kyrkje er ein god stad å ha samlingar. Born, unge og foreldre trivst godt der og dei føler seg heime i kyrkja. Multimediamanlegget lettar arbeidet mykje. Kyrkja er eit godt lokale til mange ulike aktivitetar. Her kan vi ete, sove, leike, sjå film, be og ha gudsteneste.

I kyrkjelyden er det nokre eldsjeler med omsyn til trusopplæring. Dessutan er det positive og viljuge foreldre som stiller opp på einskildtiltak når borna deira er med. Ein del konfirmanter har også vore med som ungdomsleiarar på nokre av arrangementa. Alle gjer ein flott og viktig jobb! Takk til alle.

Vegen vidare:

For at ein skal lukkast vidare med det viktige og spennande arbeidet, så er fleire medarbeidarar som tar ansvar ein føresetnad. Likeeins vil ei forenkling av trusopplæringsplanen gjere planlegginga og arbeidet lettare.

Konfirmasjonsundervisning (AS)



Hausten 2017 starta i alt 20 konfirmanter undervisning, av dei 18 frå Hyllestad. I september var det ein fin konfirmantdag i Prestefjella i Hyllestad, der konfirmantane laga fine kristne symbol av det som finst i naturen. Å reise til natcupen i Førde i oktober, er òg blitt ein god tradisjon.

Konfirmantane er med som kyrkevertar på gudstenester, noko som vert sett pris på av kyrkjelyden.

Det er god oppslutning om kyrkjeleg konfirmasjon i Hyllestad, og det var konfirmasjons-gudstenester i alle dei tre kyrkjene i soknet.

Samarbeidet med konfirmantane i Lavik er vidareført. Frå hausten med samlingar i Hyllestad kyrkje om lag annankvar torsdags ettermiddag etter skuletid. Då startar ein med litt servering der foreldra òg bidreg med mat.

. IKO har gjeve ut opplegget «Delta» som vi no nyttar. Her er det gruppearbeid og visning av filmsnuttar. Kvar samling tek til med opning og avslutning kring lysgloben.

Kullet 2016/2017 hadde mange evne knytt til både lesing og drama På temagudstenesta 2.april i Hyllestad kyrkje, kom dette tydeleg fram. Temaet om «Skatten», og dramaet om «den bortkomne sonen», var veldig sterkt.

I januar var det igjen ein vellukka leir på Alværa, saman med Balestrand, Lavik og Bjordal. I mars var konfirmantane på ein kjekk tur til Rossvikheia der vi gjorde opp bål og spidda pølser.

I tillegg til soknepresten i Hyllestad, er sokneprest i Lavik, Andreas Ester og dei to frivillige medarbeidarane frå Hyllestad, Kirsten Gravdal Ryland og Linda Ølmheim, med. Trusopplærar Toril Lange er med av og til. Det at ein kan spele på dei ulike gåvene den einskilde leiar har, er viktig.

Samarbeid kyrkje - skule barnehage (AS)

Skule- og barnehagegudstenesta til jul er godt innarbeidd , og det var fin deltaking ved born, både med lesing og musikk. Ein har inntrykk av at familiar med born frå andre kulturar og religionar også prioriterer desse samlingane. Elles er det vanleg fritaksrett, men mest alle er med.

I 2017 var det og einskildklassar på besøk i kyrkja.



Nytt i 2017, var ei fin påskevandring som 1.-4. klasse på Hyllestad skule deltok på saman med lærarane der. Det heile starta i våpenhuset, der elevane fekk utdelt tjugreiner som god erstatning for palmegreiner. Så var det undervisning om dei ulike dagane i påkehøgtida .På golvet skjærtorsdagkveld, var det fotvask på ein biletleg måte. Den tunge langfredagen vart symbolisert med å slukke lyset. Den svarte duken på alterbordet var symbol på sorga då Jesus døydd. Så kom påskedagen, med lysa, song og glede. Vakre påskeliljer frå Lifjorden vart løfta opp , medan songen ljoma: «Dine hender er fulle av blomar, kven var det du tenkte å gje dei til. Mine blomar var plukka til Jesus. Grava fann eg tom. Han var ikkje der.»

Ein fin dag i kyrkja, og flotte born som lærte meir om påska. Anfrid, Gunvor, Toril og Audun la til rette dei ulike postane.

No vert det truleg påskevandring eit år, og så neste år julevandring. Julevandring har det vore nokre gonger før .

Ungdomsklubben i Hyllestad (JR)

Ungdomsklubben i Hyllestad er no inne i 4-året (2018) med normal samling annakvar fredag i Hyllestad kyrkje. Gjennom 2017 har ein hatt samlingar med varierende oppmøte, frå i overkant av 20 stk. til i underkant av 10 stk. Uansett kven og kor mange som kjem er det alltid like kjekt.



Ein normal kveld startar gjerne med nokre aktivitetar, leikar som ungdommen set i gang, og så har vi ei samling med lovsong, andakt mv. Før vi kosar oss med litt mat, «snacks» og har nokre aktivitetar, leikar til slutt.

Inn i mellom aktivitetar / program er det alltid rom for ein prat, anten fleire i lag rundt bordet om eit tema, eller 1-1 samtalar, gjerne mellom ein vaksen og ungdom. Vi er i dag heldige og har ofte fleira vaksne som er med på samlingane, og kan slik vere ressurspersonar i samtalar om trusspørsmål, dagleg problemstillingar m.m.

Vi har i dag fleire ungdommar som er på vidaregåande aldersnivå som søker til klubben, og ein del av desse skal i februar på leiarkurs for å bli betre rusta til å ta eit større ansvar for klubb og anna aktivitet, gjerne opp mot yngre aldersklassar.

For vinter/vår 2018 har vi sterkt ynskje om å få til ei auka rekruttering til klubben, og vi vonar særskilt på at vi kan få inn fleire frå ungdomsskuletrinnet. For å få det til er vi ofte avhengig av at dei vaksne (foreldre) stiller opp og kjører til og frå klubb, noko som kanskje ikkje alltid er like lett å prioritere på ein fredag kveld etter ei lang arbeidsveke. Men om noko strevar med å få til skyss så ta gjerne kontakt med oss, så kan det nok hende at vi finn løysingar... 😊 tlf. 99281401 (Jostein) / 91644829 (Kirsten)

Ynskjer å minne om kva som er målsetjinga med ungdomsklubben, og arbeidet ein driv her:

1. Gjere evangeliet og trua på Kristus betre kjend, og forankra, i livet til den enkelte i målgruppa. – Målgruppa er 13-18++....
2. Utvikle og utdanne ungdomsleiarar for å legge til rette for eigen rekruttering på leiarnivå.
3. Gje ungdom høve til å uttrykke si tru og tvil gjennom song, musikk, bilete, drama og ord.
4. Ei breiare ungdomssatsing vil gje rom for ei positiv utvikling av Hyllestad kyrkjelyd.

Base Camp i Hyllestad (JR)

Base Camp i Hyllestad er no etablert som eit «begrep» og eit årleg arrangement, eit arr. som no når både ungdommar i Hyllestad og ungdommar langt utover våre kommunegrensar, frå Sunnfjord til sør om Bergen. I oktober (6-8.10.) 2017 var det ca. 60 ungdommar samla i Hyllestad, der 45 av desse var påmelde som deltakarar og der ca. 15 var deltakarar med arrangør og gjennomføringsansvar.



Arrangementet sitt program var i 2017:

- Samling i Hyllestad kyrkje fredag kveld m. ulike aktivitetar, lovsong og andakt (*ope for alle*)
- Overnatting og frukost på skulen laurdag morgon
- Føremiddagsmøte i kyrkja
- Samtalegrupper i kyrkja og på skulen
- Aktivitetsdag i kvensteinsparken laurdag middag/ettermiddag
- Kveldssamling i Hyllestad kyrkje m. lovsong, vitnemål og underhaldning
- Overnatting og frukost i Hyllestad kyrkje sundag morgon
- Gudsteneste i Hyllestad kyrkja (*ope for alle*)
- Avsluttande samling for deltakarar m. fl.

Base Camp i Hyllestad vonar og trur vi er kome for å bli, kor lenge veit vi ikkje, men slik det i dag ser ut er der energi, støttepartnarar og frivillige, til å stå på vidare i lang tid.

Ynskjer her å rette ei spesiell takk til skulen v. rektor, og til Kvernsteinsenteret i Hyllestad, for at vi får låne, og bruke, lokalar og område, til gjennomføring av ulike aktivitetar og til overnatting og servering av mat m.m.

Og ikkje minst må vi takke alle som stiller opp med mat, hjelper til under arrangement, og stiller opp som nattevakter og med tilrigging og nedrigging av utstyr, utan dykk hadde dette ikkje gått an å arrangere.....😊

Så kvifor har vi Base Camp, og kvifor har vi det her i Hyllestad ?

Svaret på det er samansett, mykje av årsaka ligg i den kontakten våre lokale ungdommar har fått med det kristne ungdomsmiljøet på Askøy. Dette gjennom deltaking på ulike leirar, påskeleirar, og seinare ungdomsstemne mm. Så er det miljøet eit lite lokalsamfunn som Hyllestad kan bidra med, her er Kvernsteinsparken noko heilt annleis enn det mange ungdommar i dag til vanleg får oppleve, og så har vi samlingspunktet i den ombygde Hyllestad kyrkja, som gjer det mogleg å skape ei heilt særeigen ramme rundt ei slik helg.

Vi opplever at Base Camp for mange ungdomar er blitt ei særdeles viktig hending i deira liv og at mange alt gler seg storleg til ny Base Camp 2018 den 5-7 oktober.

GUDSTENESTELIV – SAMARBEID SKULE-KYRKJE – EIKLUND HYLLESTAD OMSORGSSENTER (AS)

Gudstenester

	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>
Gudstenester – totalt i Hyllestad sokn				
inkl. kvardagsgudst, barne og skulegudst.	53	50	56	50
Frammøte totalt	2915	3086	2979	3207

Gudstenesteliv i Hyllestad

Det er gledeleg å registrere eit auka frammøte på gudstenestene i 2017, sjølv om tal gudstenester har gått ned. Det er litt motsett trend av det ein ser av tala i prosti og bispedømme, og prosten har teke det med i si årsmelding. Det er vanskeleg å peike på ein spesiell grunn, men det at fleire blir trekt med inn og tek ansvar, kan ha noko seie; til dømes i songgudstenester. Gudstenester med dåp, trusopplæring og konfirmantar gjer òg at fleire kjem. Foreldre og familie elles er ofte flinke til å vere med borna på gudstenester med trusopplæring. Gledeleg i 2017 er å sjå fleire yngre. Skulle ein komme med ei utfordring; måtte det bli at det er viktig at kyrkjelyden elles sluttar opp om desse gudstenestene, slik at dei som er i dei aktuelle fasane kan møte ein levande og aktiv kyrkelyd, og at ein får lyst å vere ein del av den!

Samstundes som det er flest gudstenester i Hyllestad, så freistar ein å halde på tal gudstenester i Øn og Bø. Einskilde gudstenester er utanom kyrkjehusa. Den planlagde gudstenesta i Kvernsteinsparken måtte flyttast til kyrkja på grunn av ustabil ver. Gudstenesta i Skor grendehus samla ein trufast flokk. Elles vart det ei fin pilegrimsvandring frå Skor til Øn kapell. Det var ein liten, men fin flokk som var med på turen, men fleire kom til kapellet.



Ei kjekk oppleving i juli, var ei kveldsgudsteneste ein laurdagskveld på Espeland. 50 menneske fann vegen til sommarfjosen! I 2017 var det kyrkjekaffi på dei aller fleste gudstenester. Fleire har vore involvert, og det vert sett pris på.

Tid for tru-

samlingane som ein hadde i 2016 har ein ikkje hatt kapasitet til å gå vidare med. Dei som var med då, har derimot fått invitasjon til ein del særskilte samlingar og gudstenester. To stikkord vart teke fram ved slutten på samlingane i 2016: Song og bøn. Det er vel rett å seie at ein i noko grad har gått vidare med dette.

Bønesamlingar

Desse samlingane har no gått jamt og trutt frå mai 2016, og også gjennom heile 2017. Det er onsdagskveldar kl.20-22, og vert kunngjort som : *Song, bøn og samtale*.

Samlingane vart omtalt med intervju i kyrkjelydsbladet nr.2/2017. Det er på det gjevne 5-7 personar som samlast; altså ikkje den store flokken. Ein trur like fullt det er verdifullt for ein kyrkjelyd at nokon ber, og at det gjev styrke til arbeidet elles. Gruppa har snakka om å ha samlingar med meir liturgisk preg framover, i forkant av samlingane. Det trur ein kan opne for engasjement og oppslutning frå fleire. Elles har fleire av dei som har gått på samlingane, delteke i gudstenester med vitnemål, tale, song, bøn mm.

Involvering

Vi har hatt fokus på involvering i gudstenestene, og i aukande grad vert konfirantar spurde om oppgåver. Vi håpar og å få til ei ordning med kyrkjevertar. Organist og prest har fleire gonger formidla spørsmål om song- og musikk-innslag, ikkje minst til yngre, noko som har vorte sett pris på. Soknerådet har samtalt om eventuelle godtgjeringar ved slike høve, og presisert at det ikkje er ynskeleg. Kirsten og Jostein Ryland syng ved fleire høve, og formidlar spørsmål til andre. Det er verdfullt. Koret «Fjordlang» har medverka i 2017; gledeleg! Dei musikalske innslaga gjer gudstenestene rikare, og dette ønskjer ein å arbeide vidare med.

Ein del gudstenester har bønemandring, og det er med og aktivisere kyrkjelyden på ein fin måte. Å vere med og gjere einskildmenneske, både born, unge og vaksne, meir medvitne på eigne nådegåver og naturgåver, er ei viktig oppgåve framover for kyrkjelyden.

Innslag om misjon og kontakt over landegrensar

Hyllestad kyrkjelyd har i ei årrekkje støtta misjonsprosjekt i Mali gjennom Det Norske Misjonsselskap (NMS), noko som held fram vidare.

Trond Kråvik, busett i Balestrand, og mangeårig ungdomsarbeidar på Sygna vidaregåande skule, no tilsett i NLM, var og på besøk ved ei kvardagsgudsteneste. Det vart ein fin kveld der mange konfirantar og ungdommar og kom.

Helga 8.-10.sept. fekk kyrkjelyden eit inspirerende besøk av Asbjørn Kvalbein, og kalla web-pastoren.

Ungdomsklubben «Solution» har misjonssperpektivet med på sine samlingar, der det er besøk frå Misjonsforbundet. Dei har mellom anna fått høyre om arbeid på Filippinane.

Når det gjeld naudhjelp, formidlar Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon viktige impulsar både til konfirantar og andre.

TEMAGUDSTENESTER OG ARRANGEMENT I SAMBAND MED REFORMASJONSJUBILEET

Som ein del av reformasjonsmarkeringa, var det for alle sokn i landet sett av fire søndagar til temagudstenester hausten 2017.

Her er oversynet over korleis dette vart gjennomført i Hyllestad

- 27.august: Tema: **Nåden åleine**. Preiketext: Ef.2,1-10. Bø kyrkje

- 17.september: Tema: **Skaparverket er ikkje til sals**. Hyllestad kyrkje (4-års, 6-årsbok)
- 26.november: **Menneske er ikkje til sals**. Preiketekst: Matt.18,1-6, 10-14. Øn kyrkje.

Som ein ser fekk ein inn tre av fire tema, der dei ovannemnde tekstane vart tala over.

Søndag 29. oktober, var Per Sævik invitert av kyrkjelyden. Soknerådet og folkeakademiet i Hyllestad stod som arrangør. Per Sævik fortalde denne kvelden kva kristen tru har å seie for han som bedriftseigar og gründer. Han er med å arrangere årlege Hans Nielsen Hauge-seminar i heimbygda Fosnavåg i Herøy, og støttar kyrkje- og misjonsliv.

Per Sævik fekk godt fram korleis arven frå Hans Nielsen Hauge var med å prege samfunnet vårt på 1800-talet og framover

kyrkja var mest fullsett, samling etterpå med tid til prat og ein kopp kaffi og kaker. Bygdekoret «Fjordklang» deltok og dirigenten Hanne H. Dybvig spela til songane.

Kyrkjelydar på besøk

1.pinsedag var det besøk frå Balestrand kyrkjelyd, over 30 personar. Dei ynskte å få litt info og inspirasjon med tanke på ei evt. ombygging av eiga kyrkje. Deler av Balestrand songlag med dirigent Bjørg Bjøberg var med, og sette eit fint preg på gudstenesta. Elles inneheldt dagen besøk i Kvernsteinsparken, omvisning i kyrkja ved soknerådsleiar Jostein, og besøk i Sørbovåg, i heimen til Kari og Audun. God middag i Storelia vart det og. Kyrkjelyden her har planlagt gjensitt i Balestrand 2. pinsedag 2018.

Brekke kyrkjelyd kom på besøk ved gudstenesta 20.august. Dei ville gjerne høyre meir om kyrkja og ombyggingsprosessen. Dei hadde lyst å byte ut benkene med gode stolar. I alt nær 30 hadde teke turen hit over fjorden.

Diakoni – Kyrkja si medmenneskelege omsorg og fellesskapsbyggjande arbeid.

Hyllestad sokn har ingen diakoniarbeidar, men det meste av arbeidet vårt har eit diakonalt tilsnitt, og det er omtala under dei ulike emna i årsrapporten.

Eiklund – Hyllestad omsorgssenter

Ein til to gonger i månaden var det andakter på Eiklund ved prest og organist. Det siste året har frammøte vore aukande, ikkje minst av di mange av dei som no er på omsorgsbustadane deltek. Nokre av dei eldre frå Eiklund møter òg trufast opp til gudsteneste i Øn kyrkje.

På institusjonen som heilskap, er det mange som ikkje er i stand til å komme på andakten. Då er det viktig at dei som ønskjer det kan få besøk av prest i etterkant. Personalet er flinke til å formidle ønske om besøk, og det har vore ganske mange slike besøk. Soknepresten har faste besøksdagar.

I januar var, tradisjonen tru, konfirmantane på besøk på Eiklund, der fekk dei god kontakt med bebuarane. Linda Ølmheim og Kirsten Gravdal Ryland hadde ansvaret.

Etter initiativ frå soknepresten kjøpte Hyllestad sokneråd inn 10 stk. av salmeboka som kom i 2013. Den diakonale gåva vart i november overrekt av Audun Systad, og fungerande styrar Liv Hilde Robinson tok imot gåva med takk! Bak i boka er ei fin bønabok, med minne- og trøysteord, og også ymse liturgiar. Bøkene vil bli ståande i daglegstova, og ein vonar at dei vil bli godt nytta av bebuarane. Eiklund har fleire eksemplar av den gamle salmeboka, som i mange høve kan nyttast vidare.

Frå leinga på Eiklund vart prest Audun invitert til å ha undervisning med personalet i tema om «Åndeleg og eksistensiell omsorg». Det var våren 2017.

Kyrkjelydsbasaren if



1. oktober, hadde 10 års jubileum og sette ny rekord med brutto kr. 54 435. Takk til alle som har bidrege med vinstar, loddsal, loddkjøp og ikkje minst Åfjorddalen bygdekvinnelag som hjelpste til og ordna med mat og kaffi på basardagen. Tidlegare sokneprest i Hyllestad, Karl Hjelmeland, var tilbake og held ei andakt om det Levande håpet før basaren starta.

Overskotet frå basaren går til trusopplæring, samt barne og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

Arbeid for barn og ungdom er høgt prioritert arbeid i kyrkjelyden. Hyllestad kyrkje er godt eigna til samlingar og dei unge finn seg godt til rette i kyrkja. Vi er heldige som har frivillige som er engasjert og stiller opp, då særleg på ungdomsklubb og Base – camp.

Konsertar og kulturarrangement

I januar arrangerte Norsk Korforbund Sogn og Fjordane ein konsert i Hyllestad kyrkje der inntekta gjekk til «Røde Kors». Konserten vart arrangert i samarbeid med Fjordklang. 120 songarar sytte for flott korsong.

Gaither-kvelden i Hyllestad kyrkje i november hadde flott og variert program og samla opp mot 50 tilhøyrarar. Jostein og Kirsten Ryland med venner sto for eit flott og variert program med song, vitnemål og allsong. Vennene var Jørn Lund, Aina Beate Systad, Linda Ølmheim, Geir S. Ulvik og Gill og Stewart McCredie

Julekonserten, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Hyllestad musikkråd og soknerådet, var i år i Hyllestad kyrkje. Konserten vekslar mellom Hyllestad og Øn kyrkje og er eit kjærkome årleg innslag.

Kyrkjeblad – Heimeside – Facebook

Kyrkjebladet kjem ut til påske, på ettersommaren og før jul. Mange er takksame for å få kyrkjebladet i postkassa og betalar bladpengar. Dei saman med annonseinntekter gjer det muleg å fortsetje å gje ut bladet.

I tillegg til kyrkjebladet kommuniserer Hyllestad sokn med innbyggjarane via Facebook. (søke på *Kyrkja i Hyllestad*), heimesida (www.hyllestad.kyrkja.no) og sida «Det skjer» i Firda.

Vi erkjenner at særleg når det gjeld heimesida er vi ikkje flinke nok, og hadde håpa at nokon kunne hjelpe oss med den.

Kyrkjer

Takpannene på Bø kyrkje får seg mest årleg ein «omgang juling» ved romjulsstormar. Så også dette året måtte takpannene leggst tilbake på plass.

Tårnet på Hyllestad kyrkje vart sikra slik at eventuelle heller som måtte skli ned vert fanga opp.



Krossfragment/del av ein gamal steinkross, frå Hyllestad gamle kyrkjegard vart like før jul hengt opp i Hyllestad kyrkje. Norsk kvernsteinsenter søkte, i samråd med Hyllestad sokneråd, i 2012 til Bergen museum om godkjenning til å henge krossfragmentet opp i Hyllestad kyrkje. Alternativet var at krossfragmentet måtte leverast til Bergen museum. Smedmeister Kjetil Torvund har laga opphenget som er godkjent av museet. Prosjektet har teke lang tid å realisere, men resultatet blei fint, og det er bra at prosjektet er avslutta.

Under krossen skal det kome eit lite bord der den nyskaffa bønekrukka skal plasserast.

Preikestolen frå Hyllestad kyrkje står lagra på eit lager der soknerådet årleg betalar over kr 1 100. Ein kan stille spørsmål om kor føremålstenleg det er.

Øn kyrkje fekk skifta eit vindauge i eine sakristiet.

Kyrjeklokkene hadde service av Olsen Nauen Klokkestøperi. Oppgradering er anbefalt, men det er det ikkje økonomi til.

Brannsløkkeapparat blei skifta ut, resten må skiftast i 2018.

Kyrkjegardar

Soknet leigde teneste til kyrkjegardsslått og vedlikehald av Åm Sognes bygdeservice, og hos Hyllestad Bygg AS for opning og lukking av grav i samband med gravferder. Soknerådet er godt nøgd med utføringa av desse tenestene.

Årleg arbeid på alle gravplassane er planering og tilsåing av graver. Klipping og beskjering av hekk og trær. Knusing av gravminne frå sletta graver.

Øn gravplass

Her fekk vi reinska og påført noko sårt tiltrengt grus på vegane inne på gravplassen og i «holene» på parkeringsplassen. Fekk rydda i depotet ved reiskapshuset. I tillegg vart det fjerna ein del gravminne og gravkarmar frå sletta graver. På dei eldste felta ved kapellet er det framleis mykje jobb å gjere med festeavklaring. Dette må prioriterast for å frigjere graver for gjenbruk, då det er gravingsproblem med veldig stor stein på det nye gravfeltet.

Hyllestad gravplass

Dei nyaste gravfelta på Hyllestad kyrkjegard fyllast opp med graver. På utsida av kyrkjegardsmuren i retning gamle Hyllestad, var det tett med store tre som sto alt for nær kyrkjegardsmuren. I tillegg var det på utsida av muren blitt kasta utruleg mykje søppel. Både trea og søppelet var vi nøyddde til å fjerne denne hausten før der vert fleire graver som ville hindra tilkomsten til området.

Ein del av muren på oppsida av gravfeltet som skal klargjerast til ny gravlegging er teken bort. Muren var skada i svingen og var i ferd med å velte inn på gravplassen. Svingen var alt for trong for litt store køyretøy, og i staden for å vøle den vart ein del av den fjerna.

Bø gravplass

Parkeringsplassen vart reinska og grusa. Gjerdet rundt gravplassen står for tur til å bli gjort noko med, men etter at driftstilskotet frå kommunen er redusert, må det skyvast ut i tid.

Oppgåver på gravplassane som skulle vore løyste

Øn gravplass: Kome a jour og fått rydda dei gamle gravfelte rundt kapellet. Grave om jorda og fjerne dei største steinane på resten av dei nyaste felte.

Bø gravplass: Fjerne tre som har blitt for store. Gjerdet rundt gravplassen.

Hyllestad gravplass: Etter at arbeidet på felt A er ferdig, står felt B på nedsida av kyrkja for tur.

Hyllestad sokn Rekneskapen 2017

Rekneskapen til Hyllestad sokn vert ført av Hyllestad kommune, og revidert av kommune-revisoren. Dette som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen, og det fungerer godt.

Hyllestad sokneråd sin rekneskap har fire funksjonar/tenester:

Kyrkjeleg administrasjon, Kyrkjer, Kyrkjegardar og Andre kyrkjelege føremål. Kommunen har finansieringsansvaret for all aktivitet under dei tre første funksjonane. Kommunen sitt økonomiske ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i kyrkjelova (KL) § 15, og gravferdslova § 3 «Kirkelig fellelsesråd og kommunens ansvar.»

Aktiviteten under funksjonen/tenesta «Anna kyrkjeleg verksemd» er soknerådet sine oppgåver etter § 9 i kyrkjelova (KL). Her er det berre ved *Konfirmantarbeid* at det er lovpålagt kommunal delfinansiering. Kommunen har etter kyrkjelova § 15: ansvar for utgifter til "*lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring*".

Inntektene er elles offer, gåver, tilskot, basar- og billettinntekter m.m. Offer og gåver finansierer utdelingsmateriell som til dømes dåpsbilde, dåpslys, fadderhelsingar og bøker som vert delte ut, som 4-årsbok, 6-årsbok og bibel. Soknerådet mottok statstilskot til trusopplæring, der ein har rapporteringsplikt til kyrkjerådet via bispedømmerådet. Statstilskotet dekkjer ikkje alle utgiftene soknet har til trusopplæringsstillinga, så basarinntekter og offer fullfinansierer tiltaket årleg med om lag kr 30 000.

Resultat

Rekneskapen er, under dei tre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar + utgifter til konfirmasjonsundervisning, avslutta med eit mindreforbruk på kr. 47 086.

Overskotet er heilt naudsynt for drifta i 2018, og er lagt inn for å balansere budsjettet for 2018. Dette fordi soknerådet, etter å ha fått same kronesum i 2016 og 2017, kr 1 5400 000 i driftstilskot frå kommunen får kutt på kr 54 000 for 2018.

Driftsutgifter for alle funksjonar, inkl. tenesteytingsavtale med kommunen, er kr 2 916 976.

Provisjonsinntekter

Inntekt - provisjon for formidling av oppussing av gravminne og innhogging av nye namn vart kr 11 232. Dette er inntekter som ikkje kan budsjetterast då vi ikkje på førehand kan vite kven som ønskjer nytte seg av denne tenesta. Det er kjærkomne inntekter då det er svært mykje oppryddingsarbeid som står att på gravplassane, både med omsyn til festeavklaring og med fjerning og knusing av gravminner frå graver som ikkje lenger er ønskt festa.

KLP

Pensjonsutgifter er ein stor kostnad, også for soknerådet. Kostnaden er vanskeleg å budsjettere då det er ein reguleringspremie som kan variere mykje frå eitt år til det neste. Reguleringspremien betalar ein både for tilsette som er i arbeid og tidlegare tilsette som er slutta i arbeid. Pensjonsutgiftene var kr 163 319 + 2% som blir trekt frå tilsette, totalt kr 184 964.

TENESTER–FUNKSJONER

04100 Kyrkjeleg administrasjon. Forbruk i høve budsjettet: 100 %.

Hyllestad sokn er eit lovbestemt kyrkjeleg organ der forvaltingslova og offentlegheitslova gjeld.

Kommunen har økonomisk ansvar for: KL §15 d) *driftsutgifter for fellesråd og menighetsråd, berunder utgifter til administrasjon og kontorhold. KL § 37 Kirkebokføring.*

Soknerådet sine lovpålagte oppgaver kan ikkje gjennomførast utan ein administrasjon av ein viss – storleik, samt utstyr og programvare. Som kommunen er medlem av KS, er soknet medlem av KA (Kirkens interesse og arbeidsgiverorganisasjon). Kyrkjebokføring og føring av gravregister treng spesialutvikla program der ein, som til KA, også betaler årlege avgifter.

Driftsutgift: 534 772 (eks. kal.utg, mva og avsetn.)

Tenesteytingsavtalen med kommunen, har kommunen kostnadsrekna til kr 160 000.

04200 Kyrkjer Forbruk i høve budsjettet: 105 %

Hyllestad kyrkje, Bø kyrkje, Øn kyrkje og Øn gravkapell.

Kommunen har økonomisk ansvar for: KL §15

a) utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker.

Det er krevjande både for ein liten kommune og soknerådet å ha ansvar for ein stor bygningsmasse.

Like fullt står bygningane der og kommunen har økonomisk ansvar og soknerådet praktisk ansvar.

Driftsutgift: kr 744 920 (eks. mva, avsetn. og avskr.)

Inntekt frå St. Paul Menighet for utleige av Bø kyrkje var kr 12 600. I tillegg inntekt på kr 6 316 for anna utleige av kyrkjer.

Minnegåve kr 1 850 er sett inn på fond til Bø kyrkje. Personleg gåve på kr 10 000 er sett inn på fond til Øn kyrkje.

04300 (Kyrkjegardar) Gravplassar Forbruk i høve budsjettet: 90 %

Hyllestad , Bø og Øn gravplass.

Kommunen har økonomisk ansvar for: KL §15

b) utgifter til anlegg og drift av gravplasser.

Driftsutgift: kr 369 050 inkl. kr 25 926 til KLP for tidlegare tilsette.

Inntekter er festeinntekter, innbetaling for utanbygds gravferd og gravstell, kr 117 000.

044 ANNA KYRKJELEG VERKSEMD (TIDLEGARE SOKNERÅDSAKTIVITET)

Her har vi funksjoner / tenester som, med unnatak av utgifter til konfirmantarbeid, vert «nulla ut» mot bundne driftsfond før rekneskapsavslutning. Dette fordi desse vert halde utanfor dei andre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar.

Gåve og tilskot til eige arbeid.

Det årlege statstilskotet til trusopplæring i Hyllestad og Høyanger var kr 425 964, same kronesum som i 2016. Vi får såleis ikkje kompensert for lønsveksten, noko som gjer at Hyllestad sokn og Høyanger kyrkjelege fellesråd si fullfinansiering aukar for kvart år. Til dette viktige arbeidet kjem såleis basarinntektene godt med.

Under tenesta Barne- og ungdomsarbeid har vi dei to nye prosjekta: Base Camp og Ungdomsklubben. Soknerådsleiar Jostein Ryland søkte, på vegne av soknerådet, og fekk tilskot frå Opplysningsvesenets fond via Bjørgvin bispedømeråd på totalt kr 10 000. Det var mindre enn det vi håpte på. Men vi fekk andregåver på kr 19 897, som saman med offer, gjorde at prosjekta kom bra ut.

Kyrkjelydsbasaren gav brutto: kr 54 435 som var ny rekord, i basaren sitt jubileumsår.

Offer til eige arbeid utanom basaren er til saman: kr 26 654. Gåve til diakoni: kr 5 000.

Kyrkjelydsblad, bladpengar er kr 37 670 (auke) og annonseinntekter kr 18 900 (litt galdt 2016).

Fasteaksjonen gav kr 24 002, og med offer er totalt kr 28 307 overført Kirkens Nødhjelp. Det er så vidt over summen i 2016. Kr 13 182 er overført NMS til misjonsarbeid i Mali.

Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen går som den skal, i null.